

**Fra:** Morten Reitan (morten.reitan@sjofartsmuseum.no)

**Sendt:** 31.05.2017 15:47:23

**Til:** Silje Øvrebø Foyen

**Kopi:** 'Tord Kristian Karlsen'

**Emne:** SV: Kommunedelplan for sjø og strandsone 2017-2027 - Osterøy kommune -2 gongs høyring

**Vedlegg:** image001.png

Hei,

Beklager seint svar.

Vi skreiv i e-post 11. april 2016:

## **«Vedr. Offentleg ettersyn av kommunedelplan for sjø og strandsone 2016 - 2026 - Osterøy kommune.**

*Vi viser til e-post frå Hordaland Fylkeskommune dagsett 18.03. 2016.*

*Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.*

*Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som vil kunne røyre sjøbotnen.*

*Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som kan røyre kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjelder for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.*

*Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.*

*Me har sett igjennom plankarta og ser at dei registrerte kulturminnene er tatt med. Og med har foreløpig ingen fleire kommentarar til planarbeidet.»*

Vi har ingen merknad til 2. gangs høyring utover dette.

Vennleg helsing

Bergens Sjøfartsmuseum

Morten Reitan

Arkeolog

Telefon +47 952 17 065

**Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum**

[Sjofartsmuseum.no](http://Sjofartsmuseum.no)

Haakon Shetelig's plass 15, 5007 Bergen

---

**Fra:** Silje Øvrebø Foyen [mailto:Silje.Ovrebo.Foyen@hfk.no]

**Sendt:** 29. mai 2017 12:46

**Til:** 'morten.reitan@sjofartsmuseum.no' <morten.reitan@sjofartsmuseum.no>

**Emne:** Kommunedelplan for sjø og strandsone 2017-2027 - Osterøy kommune -2 gongs høyring

Hei,

Eg har ikkje fått svar frå dykk i denne saka. Vi har allereie gjeve uttale i saka no. Fylkeskommunen har fått utsett til 28.juni, men siden saka må behandles politisk måtte vi gjere ferdig saka førre veke.

Eg kan ettersende fråsegn frå dykk når det er klart, eller at dykk sender fråsegn direkte til Osterøy kommune.

Venleg helsing

Silje Øvrebø Foyn  
Rådgjevar / Arkeolog  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 23 93 42  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)